

Møtereftrat

Dato: 3. februar 2022

Emne:	Næringsforum	
Til stades:	Bård Sandal, Anne Kverneland Bogsnes, Margareth Hagen, Helene Frihammer, Marit Warncke, Roger Pilskog, Nina Broch Mathisen, Gisle Nondal, Øystein Høyvik, Øyvind Midtbø, Tina Selbæk, Mette Nora Sætre, Endre Høgalmen, Sølve Sondbø, Randi Lotsberg	
Forfall:	Roger Aasarmoen, Geir Mikalsen, Geir Kåre Resaland, Christian Rekkedal, Rigmor Fardal	Sak:
Møtetid:	Fredag 3. februar 2021 kl 0900 – 1100	Møtestad: Digitalt

Møteleiar: **Bård Sandal**Referent: **Gisle Johanson****Sak 01/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det er ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak 02/22: Godkjenning av referat 14. desember 2021

Referat frå 14. desember 2021 vert godkjent.

Sak 03/22 Grøn region Vestland

Bård Sandal innleia og gjorde reie for at arbeidsgruppa som var satt ned etter orienteringa som vart gjeven 1. november, har arbeida fram eit forslag til samarbeidsmodell for oppfølging av Grøn region Vestland og Vestlandsporteføljen.

Kathrin Jakobsen presenterte modellen for styring og oppdatering av Vestlandsporteføljen. Modellen omfattar:

- Ei prosjektgruppe leia av ein prosjektleiar i 100 prosent stilling.
- Kommunikasjon vert ein særskild viktig aktivitet som bør følges opp av ei særskild gruppe
- Eit «dashboard» skal gje informasjon om vi er på rett veg
- Koordineringsgrupper for kvar «kamp». Skal sikre koordinering mot andre initiativ som Havbyen Bergen, innsatsen for betra kraftforsyning mv.
- Regionale styringsgrupper for å sikre regional forankring og medverknad frå næringslivet

Kathrin Jakobsen presenterte svar frå spørjeundersøking og forslag til milepælplan for det vidare arbeid. I fyrste kvartal 2022 er hovedaktivitetane:

- Forankre modell, etablere grupper og sikre finansiering
- Kartlegge moglegheiter for samarbeidsprosjekt i EU-program
- Oppstart kompetanseprogram

Bård Sandal orienterte om at administrasjonen i Vestland fylkeskommune har lagt fram forslag om løyving til Innovasjon Norge som finansierer etablering av prosjektleiing for Vestlandsporføljen.

Øyvind Midtbø frå HVL fremja forslag om å invitere utdanning og forskingsaktørar inn i samarbeidsmodellen.

Konklusjon: Vestland Næringsforum vedtok forslag til samarbeidsmodell med nemnde kommentarar.

Sak 04/22: Årsplan 2022

Bård Sandal innleia og viste til at årsplan vert handsama i Hovudutval for næring 26. mars og at det vil verte ei ny oppdatering på kommande møte i Næringsforum 24. februar.

Randi Lotsberg presenterte utkast til årsplan og inviterte deltakarane i Næringsforum til å gje innspel. Prosjektgruppa vil ta direkte kontakt med einsskilde partnarar i Næringsforum.

Margaret Hagen poengterte at det er positivt med eit dynamisk dokument, men etterlyste at det gis plass til kunnskap, innovasjon og tenesteutvikling i planen.

Nina Broch Mathisen la til at det er viktig å inkludere rapportering av leveransar og tiltak som partnarane har forplikta seg til. Tiltak for å betre kraftsituasjonen er viktig å følge opp.

Marit Warncke peikte på at det er fleire store strategiprosessar og satsingar på gang som til dømes Havbyen Bergen. Dette er viktige og gode initiativ og det er avgjerande at vi lukkas med å koordinere innsatsen og støtte til desse prosessane som alt er satt i gang.

Roger Pilskog informerte om planlagt møte med Statnett om kraftsituasjon i første veke av februar.

Konklusjon: Vestland Næringsforum tek orienteringa til vitande med nemnde kommentarar. Det vert gitt ny orientering i neste møte 24. februar.

Sak 05/22: Eventuelt

Orientering frå Nav og næringslivsorganisasjonane. Første del av orienteringa vart gjort i byrjinga av møtet då Anne Kverneland Bogsnes mått gå tidlegare.

Orientering om arbeidsmarknadssituasjonen og status næringsliv

Anne Kverneland Bogsnes, Helene Frihammer og Marit Warncke var invitert til å gjere reie for status i arbeidsmarknad og næringsliv etter koronatiltaka som vart innført i desember 2021.

Anne Kverneland Bogsnes presenterte tall for ledigheit, permitterte og ledige stillingar. Auka ledigheit etter pandemien er venta å verte innhenta i løpet av få år. Det er i januar 2022 historisk toppnivå for ledige stillingar i Vestland. Det er no færre helt ledige enn utlyste stillingar. Helse, pleie, omsorg og Bygg og anlegg ligg på topp med omsyn til ledige stillingar. Største utfordring er no å skaffe nok kvalifisert

arbeidskraft. Bogsnes Kverneland la vekt på at det er viktig å arbeide med tiltak for inkludering.

Det var kommentert at det jobbes med flere tiltak for å styrke fagutdanning og for å holde på kompetanse i regionen etter fullført utdanning.

Helene Frihammer viste tall fra medlemsundersøking frå januar 2022 som viste

- 44 prosent at bedriftene i Vestland hadde lågere omsetning enn normalt i desember
- 71 prosent av reiselivsbedriftene vurderer marknadssituasjonen som dårlig
- Overnattinger (kurs/konferanser) var ned 46 prosent i desember
- Verksemdene innen sjømat, olje og gass og energisektoren vurderer marknadssituasjonen som god
- 73 prosent av verksemdene forventer betre enne uendra marknadssituasjon kommande halvår

Møtedato: Neste møte i Næringsforum Vestland vert fysisk møte 24. februar kl 0900-1200.